

TEMA: Byggjeskikken ①115, Tettstedene ①110  
KART: ④446

# Dale



**DALE-GARDEN ligg fint til på brotet mot elva, under fjellet Beitelen. Men nokre steinkast lenger nord, på den vide sletta attanfor busa, har det lege eit eldre tun. Her er funne ei mengd kokegroper, stolpehol, ein gammal veg og spor etter noko som må ha vore ein palisade. Funn frå dette eldste tunet kan daterast til folkevandringstida, 400–600 e.Kr.**



## INDUSTRISTADEN DALE

I 1870 byrja eit omskifte i eigartilhøva. Industrien var i kjømda på garden Dale. Konsul PETER JEBSEN, grunnleggjaren av tekstilfabrikkane i YTRE ARNA (②263), fekk i 1873 kjøpa nokre av fossefalla øvst i Daleelvi. Han var i ferd med å byggja ein ny tekstilfabrikk. I 1879 vart dei første tomteareala på i alt 30 mål eksproprierte, og seinhaustes 1879 var den første store bomullsfabrikken i drift. Samstundes vart det oppført fire store arbeidarbustader langs nordsida av den noverande hovudgata, og nokre år seinare vart styrarbustaden og gassverkanlegget oppførte. Jernbanen fekk sjølvstekt mykje å seia for den nye industristaden. Vossebanen opna i 1883, og heile strekninga Oslo-Bergen vart opna i 1909. I 1904 gjekk drifta over til å verta aksjeselskap som fekk namnet DALE FABRIKKER A/S. Ullvarefabrikken – Dale of Norway – er framleis i drift. Ullgarn og ullplagg av høg kvalitet får si utforming her; design av internasjonal klasse til NM, VM og OL. Arbeidarbustadene langs hovudgata på Dale skal vernast som kulturminne.

Det gamle fellestunet før 1910.

**S**IGURD TANNE, som var brukar på 1300-talet, må ha vore ein velståande mann. Forutan jordegodset på Dale, åtte han også gardpartar på Oppheim i Vossestrand og i Evanger. Utover på 1400-talet byrja delar av Dale å koma over i Munkelivsklosteret si eiga. Mot slutten av mellomalderen åtte Munkelivsklosteret 4/7 partar av Dalegarden, bispestolen 2/7 og Apostelkyrkja i Bergen 1/7. Ved reformasjonen vart dette godset drege inn under kongen.

Talet på brukarar heldt seg nokså stabilt frå 1660–1860. Då var det jamt



Stolpehola viser spor etter bygningar som har stått her i folkevandringstida.

over 9 brukarar i tunet. I 1860-åra auka talet på brukarar til 11, og dette førte til ei innfløkt teigblanding. □

## DALE KRAFTVERK – «EIT ENERGISENTER»



Bergenshalvøens Kommunale Kraftselskap (BKK) eksproprierte i 1923 store areal til kraftanlegg, og utbygginga av vasskrafta byrja like etter. Dale kraftverk, med dei to første aggregata på 14 MW kvar, vart teke i bruk 17. november 1927. På inntaksdammen i Storefossen vart det då støypt 5152 kubikkmeter, og det vart bygt ein moderne og velutstyrt kraftstasjon. Denne stasjonsbygningen, ein «kraftverkskatedral» som låner formspråket sitt frå ein arkitektur med symbolinnhald og status, er no blitt eit «energisennter», i regi av eigaren BKK. Det vart bygt fjernleidning til Bergen via Stanghelle, Osterøy, Romslo og Haukeland, til Ramneberget. Storarbeidet på Dale samla til tider store anleggsstyrkar; i 1925 om lag 130 mann. Kraftutbygginga i Bergsdalen heldt fram, basert på regulering av Tørfinnsvassdraget i 1932 og Hamlagrovatnet i 1924. I 1948 vart Storefossdammen påbygd, og i 1990 stod ein ny kraftstasjon ferdig, med driftstunnel og eit aggregat på 110 MW.

Det er denne som har avløyst kraftverket frå 1927, som har sin plass mellom tekniske kulturminne i Hordaland, saman med GÅSSAND i Os (②37), HUMMELFOSSEN i Masfjorden (③320) og TYSSDAL i Hardanger (③397).